



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for levekår
Møtedato:	04.02.2025
Møtetid:	09:00 - -13:45
Møtestad:	Frekhaug, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Kjell Idar Vangberg	leiar	AP	
Kari Solveig Sæthre	nestleiar	SV	
Vigdis Villanger	medlem	SP	
Tone-Marit Øvretveit	medlem	AP	
Dyrkolbotn			
Jon Askeland	medlem	SP	
Matias Hatland Våge	medlem	INP	
Ida Rambech	medlem	H	
Asle Hetlebakke	medlem	KRF	
Joakim Byrknes	medlem	KRF	
Marius Hellan	medlem	V	
Hindenes			

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Marie Mostraum	MEDL	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Inger Karin	varamedlem	FRP
Hagesæter		

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide	Møtesekretær
Leni Dale	Kommunalsjef
Helge Kvam	
Kristin Moe	Kommunalsjef
Arngunna Haga	Avdelingsleiar
Marita Vevang Systaddal	

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide
Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/25	Godkjenning av møteprotokoll 12.11.24	
PS 3/25	Meldingar / orienteringar til utval for Levekår	
RS 1/25	Seniorhelsa Vest v/ Helge Brekke og Steinar Mørch - orientering i møtet	
RS 2/25	Ung Alver - orientering i møtet	
RS 3/25	Status prosjekt inkl Alvermodellen + sluttrapport 2024 v/ Eva Mikkelsen - orientering i møtet	
RS 4/25	Alver frivilligesentral v/Randi Kvinge - orientering i møtet	
RS 5/25	Dagsenter - orientering i møtet	
RS 6/25	Universell pedagogikk – endringar i organisering av spesialpedagogisk tilbod barnehage v/ Mona C.M Hagewick. Orientering i møtet	
RS 7/25	Utviklingsarbeid i barnehage og skule v / Mona C.M Hagewick. Orientering i møtet	
PS 4/25	Framlegg til ny lokal forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune	
PS 5/25	Busetting av flyktningar i 2025	
PS 6/25	Endring i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune	

PS 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for levekår - 04.02.2025:

Utvalseiar ynskjer ei orienteringssak på sakslista til utvalet:

- Orientering om førebyggjande plan

Representant Ida Rambech-H ynskjer å stille eit muntlig spørsmål til adminstrasjonen i møtet.

Orienteringa frå Ung Alver vert utsett.

Endringane vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 04.02.2025:

Innkalling og sakliste er godkjent.

PS 2/25 Godkjenning av møteprotokoll 12.11.24 Godkjenning av
møteprotokoll 12.11.24 28.01.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 04.02.2025:

Ingen merknader.

Vedtak i Utval for levekår - 04.02.2025:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 3/25 Meldingar / orienteringar til utval for Levekår

Handsaming i Utval for levekår - 04.02.2025:

Merknad frå Asle Hetlebakke-KRF:

Viser til politisk styringsstruktur og reglement, punkt 2.18:

-Ordførar kan, i særskilde høve, setja opp orienteringar i starten av møtet.

Orienteringar skal, som hovudregel, vera i det utval det naturleg høyrer heime.

Det kan nyttast inntil ein time totalt til orienteringar før møte. Kommunestyret kan i tillegg setje opp eigne temamøte.

På sakslista kan det vere ei sak kalla Meldingar. Her skal kvar melding ha eit eige underpunkt og skal i utgangspunktet vere skriftleg.-

Minnar om dette når sakslista skal setjast opp til dei politiske møta, og ein skil mellom meldingar og orienteringar i sakslista.

Utvalsleiar vil ta dette med i utvalsleiar møtet.

Orienteringane til Levekår vert samrøystes teke til vitande.

Vedtak i Utval for levekår - 04.02.2025:

Orienteringar er teke til vitande.

RS 1/25 Seniorhelsa Vest v/ Helge Brekke og Steinar Mørch - orientering i møtet

RS 2/25 Ung Alver - orientering i møtet

RS 3/25 Status prosjekt inkl Alvermodellen + sluttrapport 2024 v/ Eva Mikkelsen - orientering i møtet

RS 4/25 Alver frivilligesentral v/Randi Kvinge - orientering i møtet

RS 5/25 Dagsenter - orientering i møtet

RS 6/25 Universell pedagogikk – endringar i organisering av spesialpedagogisk tilbod barnehage v/ Mona C.M Hagewick. Orientering i møtet

RS 7/25 Utviklingsarbeid i barnehage og skule v / Mona C.M Hagewick. Orientering i møtet

PS 4/25 Framlegg til ny lokal forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune Framlegg til ny lokal forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune 23.01.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 04.02.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 04.02.2025:

Framlegg til lokal forskrift for skulefritidsordninga i Alver vert vedtatt.

PS 5/25 Busetting av flyktningar i 2025 Busetting av flyktningar i 2025 23.01.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 04.02.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 04.02.2025:

Kommunestyret vedtar følgjande:

- a) Alver kommune godkjenner busetting av 80 flyktningar for 2025. Tal flyktningar inkluderer ikkje familiesameinte. Av dei 80 kan omlag 5 personar være einslege mindreårige med følgjeperson.
- b) Alver kommune er ikkje oppmoda om å busette einslege mindreårige utan følgjeperson no. Kommunestyret ber om ny sak om IMDI kjem med eiga oppmoding om denne målgruppa.

PS 6/25 Endring i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune Endring i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune 23.01.2025
00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 04.02.2025:

Framlegg frå Marius H Hindenes-V:

Endringsforslag:

Kommunestyret i Alver vedtek «Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking, Alver kommune, Vestland» slik den ligg føre med endringar nedanfor.

Forskrifta trer i kraft 20. februar 2025 og erstattar tidlegare tilsvarande forskrift

Kommunestyret vedtar å setje ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på og kome med eit heilheitleg revidert framleg til "Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking, Alver kommune, Vestland"

Tilleggsframleg nederst under § 3.

Personar som går i mindre enn full stilling eller går i turnus/skiftarbeid, får tapt arbeidsforteneste med 1175,- per møte dersom eit møte fell på ein fridag.

Heimeverande omsorgspersonar, pensjonistar, studentar og frilansarar har krav på erstatning for udokumentert inntektstap når dei må forsømma sine daglege gjeremål for å ivareta tillitsverv. Desse gruppene får godtgjort med 1175,- per møte eller reisedag.

Tilleggsframleg §5 (etter tabell)

Om nestleiar eller andre leiar møte i råd og utval blir dette kompensert med 0,24% av ordførargodtgjersla per møte.

Framlegget fall med 2 røyster mot 9 røyster. (Marius H Hindenes-V, Kari Solveig Sæthre-SV)

Felles framlegg frå Levekår:

Levekår sender følgjande uttale til Formannsskapet:

Levekår støttar Kommunedirektøren si endring i paragraf 6 C, men har spørsmål om kva som ligg i setning to.

Levekår ønskjer per no ikkje å gjera andre endringar i forskrifta. Levekår foreslår å setja ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på og koma med eit heilheitleg revidert framlegg til "Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekning, Alver kommune, Vestland".

Levekår ønskjer mellom anna at denne gruppa ser på følgjande:

- Korleis vert møte/arrangement som kjem i tillegg til vedteken møteplan gjennomført og kompensert?
- Om nestleiar eller andre medlem leiar møte i råd og utval, skal det kompenserast -og eventuelt korleis?
- I dag vert ikkje personar som har tursnufri, er heimeverande omsorgspersonar, pensjonistar, studentar, frilansarar m.m. kompensert for potensielt tapt arbeidsfortjeneste. Burde dette vore kompensert?

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for levekår - 04.02.2025:

Levekår sender følgjande uttale til Formannskapet:

Levekår støttar Kommunedirektøren si endring i paragraf 6 C, men har spørsmål om kva som ligg i setning to.

Levekår ønskjer per no ikkje å gjera andre endringar i forskrifta. Levekår foreslår å setja ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på og koma med eit heilheitleg revidert framlegg til "Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekning, Alver kommune, Vestland".

Levekår ønskjer mellom anna at denne gruppa ser på følgjande:

- Korleis vert møte/arrangement som kjem i tillegg til vedteken møteplan gjennomført og kompensert?
- Om nestleiar eller andre medlem leiar møte i råd og utval, skal det kompenserast -og eventuelt korleis?
- I dag vert ikkje personar som har tursnufri, er heimeverande omsorgspersonar, pensjonistar, studentar, frilansarar m.m. kompensert for potensielt tapt arbeidsfortjeneste. Burde dette vore kompensert?

